



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1
ROGALAND

1986

Namnet på vatnet Bu Bjellundsvatn
Kommune Bjerkreim

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind
Vasshaug.

Y T R E K Y D L A N D S V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 13. aug. 1976.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune og grensar for ein del etter E 18 mellom Bue og Kydland.

Arealet er omlag 45 ha. og h.o.h. 229 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit noko djupt vatn, men med grunnlendte partier på sine stader nær land. Stranda består for det meste av stein og der grunnfjellet einskilte stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerer på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner for ein del om kulturbeiter og dyrka mark, men og ein del utmark og fjell.

Avgjørelse
Av bekketilsig fell det inn to i sør og to i nord-vest.

Avlaupet renn ut i nord til "Figgjoelva".

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul. Dette indikerar eit næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt til 6.4 som er heilt ideelt for ferskvass-fisk.

Innhaldet av kalk(CaO) er 2.6 mg/l og den totale hardheita 4.0 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 43.0.

Gjennomstøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

på 2.0 m vart det funne 26 fjærmygglarver, 5 vårflugelarver,

5 fåbørstemark, 4 muslingar, 2 vannmidd, 1 ringorm, 2 vannkalvlarver, 1 ryggsvømmer og 1 døgnflugelarve - til sammen 470 individ pr. m^2 .

5,0 meteren gav som resultat 33 fjærmygg larver, 3 fåbørstemark og 1 musling - i alt 370 individ pr. m^2 .

På 10,0 m vart det funne 12 fjærmygg larver, 1 ringorm, 1 igle, 1 fjærmygguppe og 1 vårflugelarve eller samla 160 individ pr. m^2 . Samla resultat syner at der er relativt bra med næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne vårflugelarver, buksvømmere, myggupper, linsekreps, hoppekreps og *Bythotrephes longimanus*.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50,0 m og eit vertikaltrekk på 10,0 m med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som medels rike og dyreplankton dominerte.

Fiske, m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 13 aurar og 12 røyr.

Fordeler vi heile fangsten på omfara får vi denne grafiske framstillinga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fisken fordelt på cm-klassar vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av dei 13 aurane og av desse var 6 røde, resten lyse-røde i fiskekjøttet.

Ingen av prøgefiskane var angripne av parasittar.

Vidare var der 6 hanfiskar og 7 hofiskar, ei normal kjønnsfordeling.

3 av fiskane var gytefisk - resten gjellfisk.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøgefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.6	8.7	14.8	20.0	25.1	25.6
Årleg lengdetilv. i cm	4.6	4.1	6.1	5.2	5.1	0.5
Antall fiskar	13	13	13	9	3	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.11 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Ytre Kydlandsvatnet og sammenliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Som vi her vil sjå, syner auren i Y. Kydlandsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Den knekken kurven gjer ved 5 års alder skuldast berre 1 fisk, så dette kan ein sjå bort i frå. Det er truleg at den forlenga lina frå 5. året er meir rett og at auren går mot ei maksimalllengd på ca. 32 cm. Nå vil det sikkert finnast nokre aurar, såkalla "jagarar" som er vesentleg større enn dette, men der er neppe mange av desse.

Til vanleg er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein

slik vekstkurve, så då vi her berre fekk 13 aurar så er det i minste laget, men ein viss peikepinn vil dei gi.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Y. Kydlandsvatnet er eit relativt næringsrikt vatn og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Vidare at fiskebestandet ser ut til å vera bra avpassa næringsforrådet.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse gode, og botnprøvene saman med planktonprøvene, gav eit godt resultat.

Omfarfordelinga og cm-klassseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar. Kondisjonsfaktoren og vekstkurven er god - i det heile ser det positivt ut.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Y. Kydlandsvatnet er bra i så måte og gjødselverknaden frå gardsbruka på vestsida vil for ein del koma vatnet til gode. På austsida er nedslagsfeltet skrinnare og tilsiga herfrå fører eit noko surt vatn, men dette blir nøytralisiert i Kydlandsvatnet og ein får gode kjemiske tilhøve.

Ser vi på fisken vi fekk, både av aure og røyrr, så var denne av mykje god kvalitet og sjeldan vil ein finna fisk tilsvarande dette. Etter det vi har fått opplyst har auren gått noko tilbake, og røyra auka på, i seinare tid. Dette er nokså vanleg i vatn der desse fiskeslaga er i blanding. Røyra har som kjent stor formeringsemne, og lett for å bli dominerande, om ein ikkje gjer sitt beste for å halde bestandet i sjakk.

Gytetilhøva er gode for røyra, men ikkje fullt så gode for auren. Likevel skulle ein tru dei var gode nok for å sikra ei tilfredstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Y. Kydlandsvatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag (fiskelag) for vatnet, då eit lag

alltid vil stå sterke enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske medan grunneigarlagene sjølv tek hand om garnfiske. Vatnet ligg særslig til og høver godt som sportsfiskevatn, så det var sikkert ikkje få som ville prøve fiskelukka si her.

Den utfiscinga som har føregått i seinare år må halde fram omlag som før. Dette har ført til ein uvanleg fin fiskekvalitet og ein må vera sørleg på vakt når det gjeld røyra. Ved å lokalisere gyteplassane, og setje ut garna her ved gyttetider om hausten, vil ein kunne halde bestandet i sjakk.

Ålen er ein godt betalt matfisk (ca. kr. 15.00 pr.kg) og det er ikkje få kilo ål som årleg går ut av Y. Kydlandsvatnet. Denne utgangsålen må grunneigarane nyttiggjera seg og ved å montere ei ålefelle på ein høvande stad på utfallsbekken vil ein kunne fange vesentleg med ål. Det er om hausten, helst under store flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Skulle det syne seg at aurebestandet går sterkt tilbake er dette ting som kan rettast på ved å setje ut eit høvande tal settefisk. Y. Kydlandsvatnet høyrer absolutt til dei betre fiskevatna.

Det ser ut til å vera veldrive i dag og det vil sikkert også koma til å bli det i åra framover.

Stavanger 30/3 1977

Einar Berg